

## **KOMMUNALE RETNINGSLINER FOR MOTORFERDSEL I UTMARK I SOGNDAL.**

Retningslinene er vedteke i Kommunestyret 09.06.2005 sak 21/05 og erstattar/byggjer på tidlegare retningslinjer frå 25.06.92, med endringar av 10.02.94 og 14.12.95.

Retningslinjene vil ilag med lov om motorferdsel i utmark og vassdrag, nasjonal forskrift for motorkøyretøy i utmark og på islagde vassdrag og kommunale forskrifter for motorfartøy og luftfartøy utgjere reglane for forvaltning av motorferdsel i utmark i Sogndal kommune.

Heimel for å fastsetje kommunale reglar for motorferdsel i utmark og vassdrag finn ein i:

- Lov om motorferdsel i utmark § 5 når det gjeld landing og start med luftfarty og bruk av motorfarty på innsjøar mindre enn 2 km<sup>2</sup> – kommunale forskrifter.
- Lov om motorferdsel i utmark § 6 når det gjeld landing og start med luftfarty og bruk av motorfarty på innsjøar mindre enn 2 km<sup>2</sup>.- kommunale vilkår for å gi løyve etter søknad.
- Nasjonal forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagde vassdrag § 3 2. ledd og § 7.- kommunale vilkår for køyring etter §5 og §6 i den same forskrifta.

Retningslinjene skal informera om kva type motorferdsel som det kan gjevast løyve til og kva reglar som gjeld for slik ferdsl.

Retningslinjene skal gje søkjarar informasjon om sakshandsaming og legg grunnlaget for delegasjon til administrasjonen, slik at søknader kan handsamast raskt og så lite byråkratisk som mogeleg.

### **A Generelt.**

Det nasjonale lovverket har som utgangspunkt at motorferdsel i utmark er forbode, men legg til rette for at nytteferdsel skal kunne gjennomførast etter bestemte reglar.

*§3 i motorferdsellova: "I utmark og vassdrag er motorferdsel ikke tillatt med mindre annet følger av denne lov(lov om motorferdsel i utmark-lov1977-06-10 nr.82) eller med hjemmel i loven."*

Sogndal kommune sin intensjon med retningslinjene er å sikra at motorferdsla i kommunen skal foregå aktsamt med omsyn til folk og miljø og etter dei lover og regler som til eikvar tid gjeld.

*§8 i motorferdsellova : "Motorferdsel i utmark og vassdrag skal foregå aktsamt og hensynsfullt for å unngå skade og ulempe for naturmiljø og menneske"*

### **A Generelle vilkår for ferdsl.**

Det nasjonale lovverket har som utgangspunkt at motorferdsel i utmark er forbode, men legg til rette for at nytteferdsel skal kunne gjennomførast etter bestemte reglar.

*§3 i motorferdsellova: "I utmark og vassdrag er motorferdsel ikke tillatt med mindre annet følger av denne lov(lov om motorferdsel i utmark-lov1977-06-10 nr.82) eller med hjemmel i loven."*

Sogndal kommune sin intensjon med retningslinjene er å sikra at motorferdsla i kommunen skal foregå aktsamt med omsyn til folk og miljø og etter dei lover og regler som til eikvar tid gjeld.

*§8 i motorferdsellova : "Motorferdsel i utmark og vassdrag skal foregå aktsamt og hensynsfullt for å unngå skade og ulempe for naturmiljø og menneske"*

### **A 1 Sårbare område:**

- Alle høgfjellsområda over tregrensa unntatt stølsgrendene må skjermast for motorferdsel.
- Friluftslivsregistreringane FRIDA og viltområdekart skal ligge til grunn for behandling av enkeltsøknader. Viktige område i denne samanheng skal skånast for motorferdsel.
- Snøscooterkøyring skal der det er mogeleg foregå langs ubrøyta veg, elles må snøscooterkøyringa foregå, så langt råd er, på kortaste mogleg strekning mellom transportstadane.
- Barmarkskøyring gir lettare terrengskader enn anna ferdsel, det må ved slik køyring takast spesielle omsyn til natur og miljø. Det kan setjast meir restriktive vilkår for slik køyring enn anna motorferdsel. Så mykje som mogeleg av slik køyring skal foregå på vegnett og etter eldre køyrespor.

Desse omsyna til sårbare område gjeld for all motorferdsel i utmark og vassdrag.

### **A 2 Løyve frå grunneigar.**

All motorferdsel i utmark krev i utgangspunktet løyve frå grunneigar og det må den som er ansvarleg for transporten syte for. Grunneigar kan ikkje hindra redningsteneste og lignende etter nødrettsreglane eller ferdsel med politimynde. Unnateke er og motorisert ferdsel på vassdrag og innsjøar. \_

### **A 3 Ferdelsforbod -Tidspunkt for ferdsel.**

- Det skal ikkje foregå snøscooter- eller helikoptertransport mellom laurdag kl. 10.00 og 17.00 og søndag mellom kl.10.00-17.00.
- Det er forbode med motorferdsel på helge- og høgtidsdagar i jule- og nyttårshelga og påske.
- Det er forbode å køyra med snøscooter frå og med 1.mai til og med 1.desember.

Dette forbodet gjeld ikkje den ferdsel som kan gjennomførast direkte med **heimel i lova §4**. Det vert vidare gitt høve til tilpassing av desse reglane for preparering av skianlegg, og faste tur- og løypetrasear. Kommunen kan gi dispensasjon i spesielle tilfelle.

### **B Bruk av luftfartøy (helikopter).**

I kommuneplanarbeidet, kommuneplanen sin arealdel, bør det leggst opp til å finna stader for helikopterlandingsplass for rednings- og politioppdrag og moglege landingsplassar for rundflyging m.m.. Avklaringar i kommuneplanarbeidet legg då grunnlaget for utforming av kommunale forskrifter etter loven § 5 1 ledd a) i utmark eller landingsplassar med konsesjon etter luftfartslova kap VII.

Når dette kommuneplanarbeidet er slutført er det etter komiteen si tilråding grunnlag for å revidere noverande forskrift som legg ned forbod mot all start og landing utan løyve etter §4 eller §6 i motorferdsellova.

### **B 1 – Løyve til bruk av helikopter utan søknad.**

§4 i motorferdsellova: Bruk av luftfartøy utan søknad til desse føremåla: Politi/redning/tilsyn(inkl. øvingar), post/tele, jord-/skogbruk(naudsynt og reell næringstransport.), forsvaret, drift av offentleg veg/anlegg og rutetransport.

### **B 2 – Løyve til bruk av helikopter etter søknad.**

§6 i motorferdsellova: Gjev kommunen høve til å gi løyve til start og landing med helikopter til desse føremåla:

Offentleg oppsyn/tilsyn, fiskekultivering i offentleg regi, naudsynt transport for anlegg og drift av vegar og større anlegg, turistanlegg utan veg, materialer/utstyr/arbeidsfolk med "heimel" i byggeløyve, drift av skiløyper/skibakkar, vitskapelege undersøkingar, utmarksnæring, transport av jaktutbytte (hjort), tilsyn med hytter, utstyr og proviant til hytter, transport av ved, transport for massemedia, transport av funksjonshemma, "mellombels" funksjonshemma, rørslehemma eldre og andre "serlege"/tilsvarande grunnar/føremål.

### **B 3 – Vilkår for flyging.**

- Transportane må retta seg etter dei generelle bestemmelsane, jf A1, løyve etter søknad må og rette seg etter vilkåra i A2 og A3.
- Tal turar skal minimerast, kommunen kan fastsetje tal turar.
- Kommunen kan fastsetje tidsrom/tidspunkt for flyging.
- "Flyging" må føregå aktsamt ved at det vert lagt vekt på å minimere ulemper for "naboar"
- Transport av funksjonshemma og eldre rørslehemma skal skje etter vurdering av "særlege grunnar" og føremål.

"Særlege grunnar" for at funksjonshemma og "eldre rørslehemma" kan få løyve er:

- Tilknytning til reisemålet, stadbunde formål.
- Spesielt arrangement der vedkommande har personlege grunnar for å delta.
- Aktivitetar i utmark som har vore viktige og sentrale for søkjar.

Det vert ikkje gjeve løyve til rein turtransport. Det skal leggjast fram relevant dokumentasjon og løyve vert gjeve for eit avgrensa tal turar og tidsrom.

### **C - Bruk av motorfartøy/aktivitet på sjø og vatn.**

Bruk av motorfartøy er etter lova forbode på vatn og vassdrag mindre enn 2 km<sup>2</sup> med mindre kommunen har vedteke noko anna i kommunal forskrift. Kommunen kan og setja vilkår for motorferdsel på vatn og vassdrag større enn 2 km<sup>2</sup>.

Kommunen har regulert landingsbane på Sogndalsfjorden med plan av 1997. Det er ikkje endringar i den regulering/det landingsaløyve som ligg i denne planen.

Komiteen ser det ikkje som aktuell problemstilling å gi løyve til vannscooter på vatn og vassdrag.

Forskrift av 1994 regulerer bruk av motorfartøy på Dalavatnet. Revisjon av denne forskriften må følgje eigne reglar for handsaming av forskrifter. !Etter komiteen si vurdering er den mest aktuelle utviklinga framhald av noverande ordningar med ein opning for å ta i bruk elektriske påhengsmotor der det kan vera gode grunnar for dette.

Bruk av motorfarty er regulert i lova og kommunale forskrifter av 1994 og ut frå dette er det ikkje aktuelt å ta ytterlegare vilkår inn i desse retningslinjene.

.....

## **D Bruk av motorkøyretøy.**

### **D 1 Bruk av køyretøy på barmark(traktor, ATV)**

§4 i motorferdsellova: Bruk av køyretøy utan søknad til desse føremåla:

Politi/redning/tilsyn (inkl. øvingar), post/tele, jord-/skogbruk(naudsynt og reell næringstransport.), forsvaret, drift av offentleg veg/anlegg og rutetransport,

Køyring med heimel i § 2 (barmark) i den nasjonale forskrifta utan søknad og til desse føremåla: transport av jaktutbytte (hjort), offentleg oppsyn/tilsyn, fiskekultivering i offentleg regi, naudsynt transport for anlegg og drift av vegar og større anlegg.

### **D 2 Bruk av køyretøy på vinterføre/snø(snøscooter)**

§4 i motorferdsellova: Bruk av køyretøy utan søknad til desse føremåla:

Politi/redning/tilsyn(inkl. øvingar), post/tele, jord-/skogbruk (naudsynt og reell næringstransport.), forsvaret, drift av offentleg veg/anlegg og rutetransport,

Køyring med heimel i § 3 (vinterføre) i den nasjonale forskrifta utan søknad og til desse føremåla: transport av jaktutbytte (hjort), offentleg oppsyn/tilsyn, fiskekultivering i offentleg regi, naudsynt transport for anlegg og drift av vegar og større anlegg (som barmark) i tillegg: turistanlegg utan veg, materialer/utstyr/arbeidsfolk med "heimel" i byggeløyve, preparering av skiløyper/skibakkar, vitenskaplege undersøkingar, ved frå eigen eigedom til fast bustad.

### **D 3 Bruk av snøscooter etter søknad, forskrift § 5**

- leigekøyringsløyve til ervervskøyring.(Kan utføra: transportar mellom veg og hytte, tilsyn med hytter, transport for massemedia, transport av funksjonshemma, transport av ved, transportar etter forskrifta.)
- funksjonshemma.
- hytteeigar, der leigekøyrar ikkje kan skaffast og hytta er meir enn 2,5 km frå veg for transport av bagasje og utstyr.
- utmarksnæring for fastbuande (t.d. utleigehytter).
- transport av ved.

### **D 3a) Leigekøyning – snøscooter**

Kommunen tildeler eit høveleg tal leigekøyringsløyve. Ved utdeling av løyve skal ein prioritera gardbrukarar og lag og organisasjonar (idrettslag- Røde Kors). Ein må ha ei rimeleg fordeling av løyve i heile kommunen

Løyva vert gitt for 4 år av gongen.

Leigekøyrarane pliktar å levere årleg rapport for køyninga.

### **D 3b) Andre kommunale løyve**

Dersom leigekøyrarar ikkje kan nyttast, gjeld følgjande særlege grunnar for løyve til snøscootertransport:

Transport av funksjonshemma, transport av ved, køyning i utmarksnæring for fastbuande, køyning av bagasje mellom bilveg og hytte som ligg minst 2,5 km frå vegen.

.....

#### **D 4 Søknad etter § 6 i forskrifta:**

Løyve til køyring ved særlege behov etter søknad. Dette er å rekna som ein dispensasjonsbestemmelse for spesielle tilfelle. Køyring med anna køyretøy enn snøscooter, køyring av eldre, køyring av ”mellombels” funksjonshemma m.v . vert rekna som døme på slike saker

Saker/søknader etter §6 i forskrifta skal handsamast av folkevalt organ.

#### **D 5 Vilkår/ for køyring.**

- Utstyr: Snøscooter til transportbruk skal alltid vere tilkopla kjelke. Unnataket her kan vere ved oppkøyring av spor/trasé under særlege ver og føretilhøve.
- Transportane må retta seg etter dei generelle bestemmelsane, jf A1.
- Løyve etter §2 og §3 i forskrifta må så langt råd er rette seg etter vilkåra i A3.
- Løyva etter søknad må rette seg etter vilkåra i A2 og A3.
- Tal turar skal minimierast, kommunen kan fastsetje tal turar.
- Kommunen kan fastsetje tidsrom/tidspunkt for køyring.
- Køyring må foregå aktsamt ved at det vert lagt vekt på å minimere ulemper for natur og miljø, friluftsliv og ”naboar”.
- Det vert i utgangspunktet ikkje gjeve løyve til barmarkskøyring utanom på skogsvegar og etablerte køyrespor
- Transport av funksjonshemma og eldre rørslehemma etter ”særlege grunnar” og føremål.

”Særlege grunnar” for at funksjonshemma og eldre rørslehemma kan få løyve til å nytta køyretøy:

- Tilknytning til reisemålet, stadbunde formål.
- Spesielt arrangement der vedkommande har personlege grunnar for å delta.
- Aktivitetar i utmark som har vore viktige og sentrale for søkjar.

Det vert ikkje gjeve løyve til rein turtransport. Det skal leggjast fram relevant dokumentasjon og løyve vert gjeve for eit avgrensa tal turar og tidsrom.

.....

#### **E Ettersøk og avliving av skada vilt**

Dei som utfører ettersøk ved påskutt skada vilt, etter avtale med jeger, kan søkje om løyve innan sitt område/vald til generell ferdsel etter lov og retningsliner. Det er ein føresetnad at tilhøvet til grunneigar er ordna i samband med avtalen om jakt og at slik køyring vert rapportert med ein gong etter køyringa.

Det same gjeld viltnemnda si ordning for ettersøk og avliving av skada vilt.

#### **F Sakshandsamingsreglar.**

##### **F 1 Politisk mynde -delegasjon**

Så langt som lova tillet vert det etter dei vedtekne delegasjonsprinsippa delegert til rådmannen å ta avgjerder i saker om løyve etter lova og forskriftene.

Prinsipielle saker og klagesaker kan leggjast fram for forvaltningsutvalet før endeleg handsaming. Einkeltsaker kan leggjast fram for forvaltningsutvalet for å etablere praksis (presendenssaker).

Dispensasjonssaker etter § 6 Nasjonal forskrift for bruk av motorkøyrety i utmark og på islagde vassdrag, skal avgjerast av forvaltningsutvalet.

## **F 2 Sakshandsaming**

Sakshandsamingstid for søknader er til vanleg 2 veker, saker som skal fram for forvaltningsutvalet vil kunne ta opp til fem veker.

Kurante saker er det målsetjing å handsama innan 3 arbeidsdagar.

Det skal søkjast på kommunen sitt skjema ev med vedlegg alt etter grunngjeving for motorferdsel.

## **F 3 Leigekøyring**

Leigekøyringsløyve vert utlyst ein gong i valperioden med særskilde fristar og krav til dokumentasjon.